



Det var ein strålende fotballdag på Halsnøy søndag. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Sundag var det stor fotballturnering i ypperste klasse på Halsnøy Idretspark – i eit strålende sommarver. Mange hadde teke turen dit for å sjå sine håpefulle. Etter storsigeren til Noreg over Malta var ungane frå Uskedalen tydelegvis inspirerte, for dei tapte ikkje ein einaste kamp.

Og det vart scora mange flotte mål.

Denne dagen stilte Uskedalen med to lag, Uskedal 1 og Uskedal 2.

Uskedal 1 hadde desse spelarane:

Maren Bjørnebøle, Endre Gjuvsland, Robert Stensletten, Emil Bakke Berntsen, Marius Myklebust, Sondre S. Myklebust og Sander Myklebust.

Fyrste kampen for dei var mot Rosendal og den vant dei 5-2. Den andre var mot Trio og den vann dei heile 10-4.

Den tredje kampen mot Rosendal jenter vann dei 5-2

Uskedal 2 stilte med desse spelarane:

Johannes Haugland, Kjartan Tungesvik, Torstein Myklebust, Jakob Taranger, Martin Yri Røssland, Rebekka Hauge, Karsten Andre Haugland.

Den fyrste kampen mot Rosendal jenter vann dei 5-2, medan den andre, som var mot Halsnøy, enda 2-2. I den tredje kampen mot Rosendal vart det ein knepen siger, med 2-1.

Etter kampane fekk dei sine velfortjente diplomar og nokre fine t-skjortar, Åge Myklebust og Jan Berntsen leia laga på ein flott måte. Mange foreldre hadde og teke turen for å heia på sine slik at det ljoma over heile Halsnøy denne fine dagen. Det er verkeleg gøy å sjå på desse jentene og gutane som har det så kjekt i lag på fotballbana. No ser vi berre fram til hausten då det held fram med turneringar andre stader.

Desse jentene og gutane er gode ambassadørar for bygda Uskedalen.

Av Ragnvald Myklebust



Gode ambassadører for Uskedalen, som ikkje tapte ein kamp på Halsnøy! (Foto: Ragnvald Myklebust)